

Kaldt, men godt arrangert Baroniløp.

22.04.2017



Spreke ungdommar ut frå start. Dei tre Uskedaljentene t.h. Amalie, Thea og Hanna vann tredobbelt i sin klasse.

Den kalde vinden sette nok ein liten dempar på årets Baroniløp som vart avvikla på beste måte av arrangørane RT og OIL i området rundt Rosendal Avlgard laurdag. Dette merka ein på lågare deltaking enn i fjar, og på at mykje av publikum forsvann etter som løparar var ferdige. Men så vart då også fjorårets Baroniløp avvikla i det beste vårver ein kunne ønskja seg.



Katrine, Andre og Isak var svært fornøgde med dei flotte medaljane dei fekk.

Baroniløpet gjenoppstod i fjor som ein del av terrengløpskarusellen, etter 21 års pause. Då var det heile 150 deltakarar. Dette året var om lag 90 løparar frå heile Kvinnherad med på løpet. Det vart vist supert innsats frå dei aller yngste og opp til seniorane. Her var det mykje både av idrettsglede og talentfull løping! Løype lengdene varierte frå 270m til 2500m etter alder.

Frå Uskedalen var det heile 24 løparar, og dei som var med gjorde ein framifrå innsats. Utan å trekkja fram namn er det utvilsamt talent som ville nådd særdeles langt om dei hadde valt løping som den idretten dei satsa på.

Arrangørane sytte for at løparane fekk både frukt og saft etter dei hadde kome i mål.

Neste løp i terrengløpskarusellen er SPAR-løpet med start og mål på Sandakaien her i Uskedalen. Det er blitt eit svært populært løp, og i fjor deltok over 180 løparar. I år går løpet laurdag 13.mai. I finver vil det verta ein festdag!

Meir om terrengløpskarusellen, resultat og fleire bilde finn de ved å klikka inn på [UIL si heimeside HER](#). Der finn de også påmelding til SPAR-løpet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland